



Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 16/1770-1

Val av styremedlemer til Stiftinga Norsk Countrytreff

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som styremedlemer til Stiftinga Norsk Countrytreff for valperioden 2016 – 2019 vert valde:

1. Som styremedlem vert vald:

Vara:

2. Som styremedlem vert vald:

Vara:

Som styreleiar for Stiftinga Norsk Countrytreff vert vald:

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Vedtekter revidert 21. mai 2013
2. Oppnemning i Gloppen kommune av utsending til generalforsamling og kandidatar til styret i Stiftinga Norsk Countrytreff

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stiftinga Norsk Country-treff (NCT) vart skipa 30.09.2004. I 2012 fekk NCT status som knutepunktfestival for countrymusikk. Knutepunktordninga er formelt oppheva gjennom Stortinget si budsjettahandsaming for 2016. I den samanheng har Stortinget presisert at alle festivalar med knutepunktststus får vidareført si støtte i 2016 på 2015-nivået.

Norsk Kulturråd har frå årsskiftet overtakne ansvaret for festivalar som har status som knutepunkt. Dei skal utarbeide nye kriterier og retningslinjer for festivalstøtta. Norsk kulturråd har, ifølgje media, gjort vedtak om at dei med etterhald om budsjett for 2017 vil vidareføre ordninga som ho har vore. Dette for å gi festivalane meir tid til ev omstilling, og seg sjølv tid til naudsynt dialog med festivalar, aktuelle kommunar/fylkeskommunar, og utarbeidning av nye kriterier/retningslinjer.

Fylkesdirektøren har vurdert det slik at vi enn så lenge følgjer opp Førdefestivalen og Norsk Countrytreff i tråd med det som ligg i ordninga for knutepunktfestivalar, m.a. oppnemning av styremedlemmer, inkludert styreleiar.

Styret for stiftinga Norsk Countrytreff har 5 medlemmer. Fylkeskommunen oppnemner to av desse, inkludert leiar. Gloppen kommune oppnemner ein medlem og representantskapet vel to medlemmer til styret. Det skal veljast personlege varamedlemmer. Oppnemningane gjeld for valperioden.

Hovudutval for kultur valde desse representantane til styremedlemer for valperioden 2011-2015:

Styreleiar: Nils R. Sandal, vara: Svein Hansen

Styremedlem: Toril O. Fjørtoft, vara: Sjur Atle Austrheim

Medlem i representantskapet: Nils Gjerland, vara: Jan Olav Fretland

I tillegg har Anniken Rygg, vara Svein Petter Tveit (Gloppen kommune), Arve Kleppe, vara Turid Bøyum og Per-Jonny Moldestad, vara Andreas Myklebust (valde av stiftarorganisasjonen) vore styremedlemmar forrige periode.

Representantskapet

Hovudutval for næring og kultur oppnemnde i møte 24.11.2015 Karen Marie Hjelmesæter med vara Jakob Andre Sandal som medlem til representantskapet. Gloppen kommune har valt Kent Øystein Hjelle som sin utsending til generalforsamlinga.

Kandidatar til nytt styre

Gloppen kommune sine kandidatar til styret for stiftinga – så lenge stiftinga har knutepunktstatus – er Oddrun Slagstad og Frode Fagerli. I tillegg skal representantskapet velje 2 medlemar.

2. Konklusjon

Hovudutval for næring og kultur vert utfordra til å velje to styremedlemer med vara til styret og utpeike styreleiar.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)